



Årsmelding Hareid IL Trim arbeidsåret 2021

GRUPPEÅRSMØTET før arbeidsåret vart halde torsdag 4. februar 2021 der det kom fram at gruppa hadde hatt eit økonomisk overskot på kr. 18.708 i 2020 (kr. 65.950 i inntekter, kr. 47.352 i utgifter). Gruppa hadde med dette kr. 156.112 på konto. Men av dette vil kr. 100.000 gå til Tufteparken, som er under reising ved ungdomsskulen. Samtidig kjem det inn 25.000 frå hovudlaget, så gruppa har ein bra buffer å ta av.

Corona-pandemien sette sitt preg på 2020,, men gruppa gjennomførte fjellorienteringa som vanleg med 25 postar. I tillegg deltok gruppa ved friluftsgudstenesta i Alskleiva siste søndag i august.

Val for arbeidsåret 2021: Valnemnda v/ Leiv Arne Grimstad og Hildegunn Thomassen presenterte forslaget, som vart vedteke slik:

STYRE: Bernhard Harkjerr (ikkje på val), Gunn Bente Drevland (ikkje på val), Andreas Moldskred (ikkje på val), Lisbeth Hareide Longva (ikkje på val), Leiv Arne Grimstad (2 nye år), Hildegunn Thomassen (2 nye år). Vara: Irene Fjelle (2 nye år), Odd Elvanes (ny, 2 år).

Bernhard Harkjerr held fram som leiar også i 2021. Gunn Bente Drevland er nestleiar, medan Leiv Arne Grimstad er sekretær. Leiv Arne Grimstad og Hildegunn Thomassen er valnemnd.

MELDING FOR ARBEIDSÅRET 2021

Coronapandemien prega også aktiviteten i 2021.

I løpet av året er det halde tre styremøte + premiefest for fjellorienteringa. (Reknar ein med det førebuande møtet til gruppeårsmøtet for 2021, har det vore halde fire styremøte i kalenderåret).

Det nye styret var samla til sitt første møte 25. mars der førebuing av fjellorienteringa var hovudsak. Medlemene i styret m/varafolk fekk kvar sine område å dekke, deretter sende leiaren ut melding om når skilta kunne hentast i garasjen til Roar Snipsøyr. Karta, som vart kopierte hos Jets, var klare til sal torsdag 29. april.

Det vart deretter vedteke å ikkje kalle inn til styremøte før alle i styret var vaksinerte.

I mars-møtet sa trimgruppestyret elles ja til å skyte inn nødvendige midlar til fullfinansiering av vêrstasjonen på Skafjellet (kr. 11.950). Stasjonen kan søkast på via trimgruppa si nettside. Hovudlaget har dekt resten av kostnadene, som inkluderer driftsutgifter i 10 år.

Når det gjeld vidare skilting, står no Tørlingeskaret for tur. Der er oppkomne to stolpar, som i løpet av 2022 vil få på seg tilsaman fem skilt.

FRILUFTSGUDSTENESTE: Siste søndagen i august deltok Bernhard og Leiv Arne under Hareid sokn si friluftsgudsteneste i Alskleiva. Deltakartal: 183. Trimgruppa delte ut lodd, registrerte deltakarnamn og tlf.-nummer (i tilfelle smitteutbrot) og foretok uttrekking av vinnarar. Ei gruppe frå Musikklaget Melshorn spelte og Barbro Landmark var prest.

I det andre styremøtet i det nye arbeidsåret 23. september var status for fjellorienteringa hovudsak. I samband med komande Stikk-Ut-oppstart i Hareid kommune vart det presisert at trimgruppa – som gruppe - ikkje kan ta ansvar for å få i gang eit opplegg som er i konkurranse med vårt eige. Men styret har seinare presisert at enkeltpersonar kan gjere ein innsats for Stikk-Ut, om dei får spørsmål om det – og kan tenke seg det. Trimgruppa meiner Stikk-Ut er eit positivt tilskot.

HAREID IL 100 ÅR: Trimgruppa satsar på ein jubileumsmarsj i Hareidsfjella ein laurdag under Opplev Hareid i juni. Kanskje ei lang og ei kort løype. Den lange: Gå på gangvegen frå Hareid fram til skogsvegen på Bjåstad, og så opp på Skafjellet (samling der?) og så heimover på ryggane mot Holstadhornet og Nonsberget og nedatt. Kort løype: Sentrum – området ved Håbakknotten.

I styremøtet torsdag 28. oktober var førebuinga av premieseremonien hovudsak. Denne vart så halden på klubbhuset 18. november med ein god del mindre deltaking enn elles. Det dårlege frammøtet gjorde at vi sit inne med ein god del uavhenta premiar.

Hovudfakta frå fjellorienteringa 2021:

*** Ca 350 selde kart. Av desse 212 innleverte til premiering.**

KRYSTALL-PREMIAR:

15 (21) A-PREMIAR (STOR):

24 (18) B-PREMIAR (LITEN)

Tilsaman 988 ulike personar har levert inn utfylte kart i løpet av dei 32 åra tiltaket har vore halde. Truleg har nærare 1.500 personar kjøpt kart.

Det viser seg at berre halvparten av dei som kjøper kart kjem så langt at dei leverer inn kartet.

17 personar deltok for første gong. 88 tok alle dei 25 postane.

39 unge t.o.m. 15 år har funne 12 eller fleire postar – og gjort seg fortent til ein krystallpremie. Elles var det i år eit særstykke med tre 30-årspremiar – til Roar Snipsøy, Jon Gjerde og ekteparet Bernhard og Annmari Harkjerr. Frå før har Odd Elvanes og Jan Bigset gjort seg fortente til den spesielle glaspokalen.

Andre pokalvinnarar:

20 ÅR: Ingrid Engkrog, Arild og Margrete Husøy.

15 ÅR: Olivia Kristin Birkhol, Mariann Birkhol, Kristin Slettebakk, Edgar Fjelle, Jan Morten Nilsen og Dagny Karin Topphol.

10 ÅR: Perdis Brekke, Reidun Grimstad Dimmen, Anita Giske og Svein Eiksund, Dennis Dimmen Furseth, Alma Nytun Moldskred, Knut Nytun Moldskred, Per Nytun Moldskred og Hildegunn Thomassen.

5 ÅR: Kurt Johnny Brandal, Dagny Davidsen, Rita Dimmen og Jan Robin Haraldsvik, Jørund Vatne Eriksen, Berit Lavik Frøystad, Nikolai Lien Kleppe, Marie Vågeskar Liavåg, Ole Magnus Mork, Mette Lokna Nedreberg, Annbritt Pilskog, Solveig Trovåg, Jostein Vartdal, Matilde Bjåstad Vikebakk, Unni Øvregård Østrem.

Seks gåvekort a kr. 500,- i lokale sportsforretningar vart uttrekte mellom dei som hadde kjøpt og sendt inn kart. Vinnarar vart Mina Øvrelid Skeide, Nataniel Øvrelid Skeide, Marita-Siv Pedersen, Mariann Birkhol, Catrin Elvanes og Leiv Arne Grimstad.

Økonomi

Grappa hadde i år driftsinntekter på kroner 51.930. Driftskostnadane var på kroner 33.632 slik at driftsresultatet vart på kroner 18.238. Vi har enno ikkje betalt ut 100.000 kroner til Tuftepark ved Hareid ungdomsskule, trass fleire påminningar. Det gjer at beholdninga i banker er på kroner 209.449. Sjå ellers rekneskapen.

Personale

Det er lite gjennomstrøyming i trimgruppestyret. Mange av oss har vore med i mange år. Vi har folk som tek seg av dei ulike grepa i den mest arbeidskrevjande aktiviteten; fjellorienteringa - frå framstilling av kart, utsending av kart, statistikkføring, premieinnkjøp, inn- og utsetjing av postar o.s.v. Vi meiner at vi har det triveleg på styremøta.

Leiv Arne Grimstad, skrivar - 27/1 2022

Hildegunn Thomassen

Hildegunn Thomassen.

Odd Elvanes

Odd Elvanes.